



REFERAT FRÅ	Dialogmøte om båtruta i Osterfjorden				
MØTELEIAR	Målfrid Vik Sønstabø				
REFERENT	Vigdis Bjørge				
MØTEDATO	16.04.2018	TID	11.00-12.30	MØTESTAD	Skyss
REF. DATO		ARKIVSAK	2017/15772	ARKIVNR	4
DELTAKARAR	Jarle Skeidsvoll, ordførar Osterøy Ingvild Kirsti Hjelmtveit, rådmann Osterøy Trine Pettersen Grønbech, rådmann Vaksdal Hogne Haugsdal, ass. Rådmann Lindås Målfrid Vik Sønstabø, leiar avdeling trafikktilbod Skyss Vigdis Bjørge, seniorrådgjevar Skyss				
FRÅVÆR					
KOPI TIL					

Dialogmøte om båtruta i Osterfjorden

Agenda:

- Bakgrunn for møtet
- Brev frå ordførarane – drøfting
- Vidare prosess
- Informasjonsutveksling kring faktagrunnlag
- Alternative løysingar for vidareføring

Referat:

Dei ulike tema på dagsorden vart gjennomgått og drøfta. Skyss sin presentasjon i møtet ligg ved referatet.

Kommentarar og innspel:

- Ordføraren i Osterøy framheva at distriktspolitiske omsyn bør vektleggast. Dersom ein kuttar båtruta så kutter ein grunnlaget for busetnad og at kulturlandskap vert halde i hevd langs fjorden.
- Prosessen kring kutting av rutetilbodet har ikkje vore god nok med omsyn til å førebu kommunane og moglegheiten til å finne alternative løysingar.
- Kommunane må ha tid til politisk handsaming og ønskjer reell dialog i forkant av fylkespolitisk sakshandsaming.

Vidare prosess:

- Kommunane drøftar saka vidare i eigen kommune og i fellesskap, og kjem attende med ein tidsplan for vidare lokale prosessar.
- Skyss førebur politisk sak til MISA 6. juni og fylkesutvalet i 26. juni. Saka vert lagt opp som ei løypemelding frå arbeidet og om vidare prosess og dialog med kommunane. Referat frå møter vert lagt ved saka.
- Det vert lagt opp til dialog i utarbeidinga av politisk saksunderlag til MISA og fylkesutvalet i juni.
- Det ønskja møtet med fylkesrådmannen kan utgå p.t..